

Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3350 - 22/67617

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
07.09.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 326/6 Sundet

Tiltak: påbygg og fasadeendring uthus/løe
Byggjestad: Gbnr: 326/6
Tiltakshavar: Espen Haugen
Ansvarleg søker: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.04.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan viser ikkje plassering av bygg sett mot regulert byggegrense i reguleringsplan for Littlebergen (plan-id: 125620060004).

Det går fram av §2-2 nr.1 at byggegrense er lagt inn 4 meter frå eigedomsgrensa i plan. Det er i søknad lagt ved samtykke frå eigar av gbnr.306/107 til plassering nærmare enn 4 meter jf. pbl.§29-4. Ettersom det er regulert byggegrense er ikkje avstandskravet i pbl.§29-4 styrande, jf. pbl.§29-4 andre ledd.


Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Stripla linje syner byggegrense i plankart:



Ber om at søknad supplerast med informasjon om tiltak si plassering sett mot regulert byggegrense. Dersom tiltak er plassert i strid med regulert byggegrense, må søknad supplerast med søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense.

2. Søknad om dispensasjon skal som utgangspunkt nabovarslast jf. pbl. §21-3. Ved søknad om fritak frå varsling må dette vere grunngjeve ut frå pbl. §21-3 samt SAK10 §5-2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **07.10.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Espen Haugen
Kålås Bygg AS

LITTLEBERGEN 23 5919 FREKHAUG
Torvhusmyrane 2 5913 EIKANGERVÅG